

TELEMARK BONDELAG



Lokale Bondelag

Vår sakshandsamar
Bergit Li
35 95 90 30

Vår dato
02.12.2011
Dykkar dato

Vår referanse
11/00054-7
Dykkar referanse

Informasjon til lokallaga - desember 2011

Medlemssituasjonen

Vedlagt følger oversikt over innmeldingar frå september til desember.

Regionmøte om jordbruksforhandlingane, januar 2012

Telemark Bondelag inviterar til regionmøte i januar med innleiar frå Norges Bondelag, sjå vedlagde møteplan. Det er ikkje påmelding til regionmøta.

Samling for unge bønder 20. og 21. januar 2012

Bygdevis v/Telemark Bondelag i samarbeid med fleire organisasjonar og institusjonar innan landbruket skal arrangere samling for unge bønder 20. – 21. januar 2012, Natadal i Flatdal. Viktig at de gjer samlinga kjent for aktuelle kursdeltakarar. Kanskje lokallaget kan sponse delar av kursavgifta?

Påmeldingsfrist måndag 9. januar.

Samling for lokallagsleiarar 2. februar 2012

Lokallagsleiarane eller ein annan frå styret blir innkalla til samling torsdag 2. februar kl 18.30 på Landbrukets hus, Gvarv. Merk dykk datoen alt nå, meir informasjon om møtet får de på nyåret.

Autorisasjonskurs for kjøp og bruk av plantevernmidlar, mars

Kursdag for dei som skal ta autorisasjonsbevis for første gong og dei som skal fornye beviset blir arrangert i mars 2012, sjå vedlagde oversikt.

Bli med på kurset Betre bonde – bedriftsleiing med bakkekontakt

Kurset er ei fornying av opplegget som tidlegare var kalla Bygdekompasset
Tid/ og stad: Søve vgs (auditoriet). Start kl 19.00 alle kursdagar.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:
Landbrukets hus, Bovegen 271
3810 GVARV
Telemark Bondelag
Bondelagets Servicekontor AS

Besøksadresse:
Landbrukets hus, Bovegen 271
3810 GVARV
Org.nr.: 939678670
Org.nr.: 985063001 MVA

Tlf:
35 95 90 30

Bankkonto: 2630.07.00526
Bankkonto: 8101.05.91392

E-post:
telemark@bondelaget.no

Internett:
http://www.bondelaget.no/telemark/

0/0

Vår dato
02.12.2011Vår referanse
11/00054-7

Prisen er bare kr 1 000 da dette er eit pilotkurs for å teste ut opplegget.
Kurshaldar er Ole Chr Hallesby.

Det er eit 15 timers kurs med rundt 70 sider kursmateriell, samtidig vil kursdeltakarane kunne logge seg inn på eit lukka nett for å lese tilleggsartiklar dersom dei ønskjer det. Fokus i kurset er bedriftsleiing på garden, utvikling av eksisterande drift og å lage ein forbetningsstrategi for å utvikle denne vidare.

Kurset vert gjennomført med mellom 10 og 20 deltakarar.

Kursdagar på Søve:

- Torsdag 19. januar: Kompetanse. Omverda. Risiko.
- Torsdag 26. januar: Bedriftsleiing. Sjølvleiing.
- Torsdag 2. februar: Menneske som ressurs. Nettverk.
- Torsdag 9. februar: Økonomi. Motivasjon og vurdering.
- Torsdag 16. februar: Veggen vidare. Visjon og mål.

Påmelding til fylkeskontoret seinast 9. januar 2012.

Presentasjonar på leiarmøtet i Morgedal

Fleire av innleiarane på Telemark Bondelag sitt leiarmøte i Morgedal hadde med bildepresentasjonar til sine tema. Vi har lagt nokre av dei ut som pdf-filar på nettsida til Telemark Bondelag. (Nettsak datert 25/11-2011.)

Du kan også få dei opp ved å klikke på lenkene nedanfor:


- Nils Bjørke si innleiing om [næringspolitiske spørsmål](#)
- Per-Ole Ranberg presenterte den nye [mediehandboka](#)
- Harald Lie frå Vestfold Bondelag snakka om arbeidet med [grunneigarsaker](#)
- Søve-rector Terje Kristoffersen orienterte om tilbod og planar på [Søve vgs](#) (stor fil: 9,5 Mb)

Jon Midtbø og Tone Edland innleidde til debatt om aksjonsarbeidet i Bondelaget på bakgrunn av erfaringane med brødaksjonen i juni. Bildeserien er ikkje lagt ut å på nettsida, men lagt ved den elektroniske versjonen av dette brevet.

Om de ønskjer nokre av bildeseriene tilsendt i Power-point format, så kontakt fylkeskontoret.

Telemark Bondelag ønskjer alle ei god jul og takkar for godt samarbeid i 2011!

Med helsing


Amund Johnsrud


Bergit Li



Til tillitsvalde i lokallaga, bondelagsmedlemmer og andre interesserte!

Telemark Bondelag - regionmøte januar 2012

Tema:

Jordbruksoppgjøret 2012 – fokus på inntekt

De blir med dette invitert til regionmøte i januar, de kan møte der det passar best!
Det er ikkje nødvendig med påmelding.

Deltaking på regionmøte gjeld som ein kveld i studiering
om jordbruksforhandlingane.

Måndag 9. januar kl.19.00 Norsjø Hotell, Akkerhaugen	Innleiing ved Brita Skallerud, 2. nestleiar Norges Bondelag
Tysdag 10. januar kl.19.00 Morgedal Hotell, Morgedal	Innleiing ved Brita Skallerud, 2. nestleiar Norges Bondelag
Måndag 16. januar kl.19.00 Århus gård, Århusvegen 191, Skien	Innleiing ved Jens Edvard Kase, styremedlem i Norges Bondelag

Enkel servering.

Velkommen!

Helsing Telemark Bondelag

Kurset blir arrangert av
Bygdevis i samarbeid med Telemark
Fylkeskommune og ulike organisasjonar
innan landbruket i Telemark.

Velkommen på kurs!

TELEMARK BONDELAG



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE




Samling for unge bønder 20.-21. januar 2012

Natadal i Flatdal


Samlinga er for deg som vil bli, eller nyleg
har blitt bonde. Faglege tema og sosialt
fellesskap; knytte kontakt med andre i
same situasjon.

Litt frå programmet:

- ✓ Odelsjente - kva så?
- ✓ Kva kan Innovasjon Norge bidra med?
- ✓ Samvirketanken - er den gamaldags?
- ✓ Geitebonde ein laurdags morgon
- ✓ Garden som bedrift - bonden som bedriftsleiar




Kurset startar fredag 20. januar kl 14 og blir avslutta laurdag 21. januar kl 14.



Innleiarar:

- ✓ Ragnhild Bjåen, odelsjente og turistvert
- ✓ Bård Stranheim, direktør Innovasjon Norge Telemark
- ✓ Per Simon Slettebø, adm. direktør AT skog
- ✓ Nils-Ole Lien, geitebonde og muskar
- ✓ Erik Hørlück Berg, rådgjevar Norsk Landbruksrådgiving Østafjells



Pris:

1300 kr inkl fullpensjon
900 kr for deltakar nr to frå same familie.

Deltakarane får tilsendt faktura.

Som ein del av Unge Bønder pakka har bondelagsmedlemmer under 35 år rett til eit Unge bønder kurs til rabattert pris. Medlemmer under 35 år som ikkje tidlegare har nytta seg av Unge bønder tilbodet, betalar derfor bare 500 kr for å delta på kurset.

Har du spørsmål:

Ta kontakt med Bygdevis v/Telemark Bondelag, tlf 35959030.

Påmelding:

Påmelding til Bygdevis v/Telemark Bondelag, tlf. 35 95 90 30, e-post telemark@bondelaget.no

Påmeldingsfrist:

Måndag 9. januar 2012
(bindande påmelding)

Deltakarane får tilsendt program og deltakarliste før kurset startar.



Teikning: Bjørn Stangebye

Bestilling av bøker

- Bøker kan bestillast gjennom BSF, tlf. 22054832, e-post post@bsfstudie.no
- Bøker kan bestillast/kjøpast gjennom lokal bokhandel
- Kan evt. bestillast ved påmelding

Hugs å bestille bøker i god tid før kurset. Du må rekne 14 dagar frå bestilling til du får bøkene tilsendt.

Pensum

Grunnboka "Handtering og bruk av plantevernmidler" kostar 359 kr og er obligatorisk. I tillegg vil ein tilfrå at deltakarane les ei el. fleire bøker som er relevant for den produksjonen du driv:

- Plantevern i frukt og bær, kr.325
 - Plantevern i grønsaker, kr.325
 - Plantevern i potet, kr.325
 - Plantevern i korn, kr.325
 - Plantevern i veksthus, kr.325
 - Plantevern i grøntanlegg, kr.325
- Atterhald om prisendringar.



Autorisasjonskurs for kjøp og bruk av plantevernmidlar 2012

Bygdevis er ei verksemd eigd av Telemark Bondelag som skal drive kurs og kompetansetiltak spesielt retta mot landbruket og bygdene i Telemark.

Bygdevis, i samarbeid med Norsk Landbruksrådgiving Østafjells og Fylkesmannen i Telemark, tilbyr vinteren 2012 kurs for dei som

- skal fornye sprøytesertifikatet sitt
- ta sprøytesertifikat for første gong

Denne faldaren blir sendt dei som iflg. Fylkesmannen sitt register har sprøytesertifikat som går ut i 2012.

Her får du informasjon om regelverket for fornying, kva kurs du kan melde deg på og bøker som du treng for å gå opp til avsluttande oppgåve/eksamen (som du må bestå for å få bevis).

Fylkesmannen i Telemark har ansvar for gjennomføring av avsluttande oppgåve/eksamen.



Fylkesmannen i
Telemark

TELEMARK BONDELAG



Norsk
Landbruksrådgiving
Østafjells

Fornyning av autorisasjonsbeviset

Dagskurs (7 timars teorikurs m. lærar)

Tema: integrert plantevern, regelverk, helse og miljø, sprøyteutstyr.

Stad: Bø Hotell, 3800 Bø

Tidspunkt: tysdag 13. mars 2012 (heile dagen)

Påmeldingsfrist: 20. februar

Pris: 1.700 kr (utgifter til bøker kjem i tillegg)

Avsluttande oppgåve blir halde same dag.

Påmelding / informasjon:

Bygdevis v/Telemark Bondelag, tlf. 35959030,

e-post telemark@bondelaget.no

Avsluttande oppgåve

Oppgåva er tilpassa plantevern i dei ulike produksjonane. Dersom du i tillegg til grunnboka har lese om plantevern i eigen produksjon, eks. korn, kan du velje eksamen der plantevern i korn blir vektlagt. Har du bare lese grunnboka, vel du *generell oppgåve*.

Deltakarane må bestå oppgåva for å få sprøytesertifikat.

Bestilling av bøker/materiell – sjå side 4.

Deltakarane får tilsendt program/informasjon ca. ei veke før kurset.



Fylkesmannen i
Telemark

TELEMARK BONDELAG



Norsk
Landbruksrådgiving

Østafjells

Kurs for dei som skal ta autorisasjonsbevis for første gong

Obligatorisk praksisdag (7 timar m. lærar)

Alle som skal ta sprøytekurs for første gong, må vere med på obligatorisk praksisdag, 7 timar m lærar.

Tema: plantevernmidlar som helsesisiko, vernestyr, sprøyteutstyr, demonstrasjon/øving i sprøyteutstyr.

Eksamen, 1 time, på slutten av dagen.

Før obligatorisk praksisdag må deltakarane ha deltatt i studiering eller lese pensum på eiga hand.

Ut frå påmeldingar kan det bli organisert studieringar.

Obligatorisk praksisdag: Søve vg. skole, 3830 Ulefoss

Tidspunkt: tysdag 27. mars 2012 (heile dagen)

Påmeldingsfrist: 1. mars

Pris: 1.500 kr (utgifter til bøker kjem i tillegg)

Avsluttande eksamen blir halde same dag.

Påmelding / informasjon:

Bygdevis v/Telemark Bondelag, tlf. 35959030,

e-post telemark@bondelaget.no

Bestilling av bøker/materiell – sjå side 4.

Deltakarane får tilsendt program/informasjon ca. ei veke før kurset.



Fylkesmannen i
Telemark

TELEMARK BONDELAG



Norsk
Landbruksrådgiving

Østafjells



Invitasjon til bedriftsutviklingskurs Bedre bonde – bedriftsledelse med bakkekontakt

Bedre bonde – bedriftsledelse med bakkekontakt er et kurs med fokus på utvikling av eksisterende bedrift og en forbedringsstrategi i forhold til utvikling av denne. Kurset gir grunnleggende kunnskap om ledelse og veivalg. Det gir hver enkelt deltaker mulighet for å analysere egen bedrift, egne ønsker og muligheter. Kurset vil gi deltakerne kunnskap og tid til å foreta riktige veivalg som grunnlag for videreutvikling av gården. Kurset går over fem kvelder med start kl 19.00 hver kveld.

Torsdag 19. januar: Kompetanse, omverdenen, risiko og usikkerhet

Torsdag 26. januar: Bedriftsledelse og selvledelse. Idé, handling og sikring

Torsdag 2. februar: Mennesker som ressurs. Samarbeid og nettverk.

Torsdag 9. februar: Økonomi. Lønnsomhet. Motivasjon og vurdering.

Torsdag 16. februar: Veien videre. Visjon, mål og strategi.

Bedre bonde – bedriftsledelse med bakkekontakt er et nyutviklet kurskonsept i regi av Norges Bondelag. Kurstilbudet på Søve er en del av to pilotkurs som holdes før tilbudet blir lansert i resten av landet. Vi kan derfor tilby kurset for kun kr 1 000,- pr person.

Foredragsholder er Ole Christen Hallesby. Hallesby arbeider i skjæringspunktet mellom økonomi og psykologi som veivalgsrådgiver for bønder. I tillegg brukes han mye til foredrag og kurs i hele landet knyttet til emner rundt bedriftsledelse i landbruket og har i mange år hatt oppdrag for Bondelaget.

Påmelding til Telemark Bondelag på telemark@bondelaget.no innen 9. januar

Dersom du har spørsmål om kurset kan du kontakte Telemark Bondelag ved Amund Johnsrud på telefon 35 95 90 32



Sted : Søve Videregående skole

Start : Torsdag 19. januar 2012 kl 19.00

Pris : kr 1 000,- pr person